

REGULERINGSFØRESEGNER FOR HAUGE

§1 Planområdet er vist med reguleringsgrense.

Planområdet er i samsvar med Pbl. §25 regulert til føremåla:

1 Byggjeområde

- bustader
- naust
- forretningar/kontor
- forretningar/kontor og offentlege bygningar
- forretningar/kontor og småindustri
- offentlege bygningar
- allmennyttig føremål

2 Landbruksområde

- jordbruk

3 Offentlege trafikkområde

- køyreveg
- gang- og sykkelveg, fortau
- gang- og sykkelveg med tillaten tilkøyring til eigedomane
- småbåthamn

4 Friområde

- treningsbane

6 Spesialområde

- vern (land og sjø)
- friluftsområde
- frisiktsone

7 Fellesområde

- avkøyring

Kombinasjon

- vern/merkantile føremål, småindustri

§2 Felles føresegner

- A Det er ikkje ved privatrettslege avtalar tillate å få i stand tilhøve som er i strid med føresegnene. Bygningsrådet kan gjere unntak frå føresegnene når særlege grunnar talar for det.
- B Bygningsrådet kan godkjenne plassering av garasjar utanfor byggjegrensene.
- C Formgjeving, materialbruk og fargebruk på bygningar skal godkjennast av bygningsrådet.
- D Bygningar skal ha sal- eller pulttak.
- E Byggjing må ikkje startast utan godkjend tomtedeling.

§3 Byggjeområde for bustader

Bustader kan oppførast i inntil 2 etasjar +loft. Bygt areal skal vere maksimum 40% av tomtearealet.

§4 Byggjeområde for naust

I tillegg til naust kan det oppførast slipp for fritidsbåtar.

§5 Byggjeområde for forretningar/kontor og offentlege bygningar

A Bygningar kan oppførast med inntil 2 etasjar +loft.

B Byggingnrådet kan gje løyve til bruk av bygningsareal til bustadføremål.

C Alle tomter skal ha parkmessig opparbeidde grøntareal.

§6 Byggjeområde for forretningar/kontor og småindustri

A Industri som kan føre til særlege ulempar for omgivnadene kan visast til anna industriareal.

B Høgda på bygningar skal vurderast og godkjennast av bygningsrådet.

C Fylling skal avsluttast mot sjø med mur, plastring, kai el. liknande konstruksjon.

§7 Landbruksområde

Bygningar med tilknytning til verksemda kan oppførast på området.

§8 Offentleg trafikkområde

Vegetasjon eller anna som kan hindre god sikt må ikkje etablerast. Bygningsrådet kan krevje at slik vegetasjon eller anlegg vert fjerna.

§9 Friområde

Mindre bygning med tilknytning til treningsbana kan oppførast.

§10 Spesialområde vern

- A Bygningar skal takast vare på.
- B Byggje- og anleggstiltak kan gjevast løyve til når dei er tilpassa karakteren til eksisterande byggnad, i formgjeving, material- og fargebruk.

§11 Spesialområde friluftsområde

- A Uttak av sand til husbehov er tillate. Uttak skal skje slik at det ikkje oppstår fare for born i tida mai - september.

§12 Spesialområde frisiktsone

- I frisiktsonen skal det ikkje vere sikthindrande vegetasjon, bygningar eller anlegg.

§13 Kombinasjon vern/merkantile føremål, småindustri

- A Bygningar og anlegg skal takast vare på.
- B Byggje- og anleggstiltak skal vere i pakt med tradisjonell utforming i distriktet når det gjeld formgjeving, material- og fargebruk.
- C Bygningsrådet kan gje løyve til bruk av bygningar til bustadføremål.

29/9-93
Inger Mølle